



DET KONGELEGE
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

St.prp. nr. 27

(2008–2009)

Om endringar i statsbudsjettet for 2008 under Kultur- og kyrkjedefarumentet

Tilråding frå Kultur- og kyrkjedefarumentet av 14. november 2008, godkjend i statsråd same dagen. (Regjeringa Stoltenberg II)

1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Kultur- og kyrkjedefarumentet fram forslag til endringar i statsbudsjettet for 2008.

2 Endringsforslag

Kap. 320 Allmenne kulturformål

Post 01 Driftsutgifter

Under kap. 320 Allmenne kulturformål, post 78 Ymse faste tiltak er det for 2008 løyvt 3,0 mill. kroner til prosjekt m.m. i regi av Mangfaldsåret 2008. Utgiftene til konsulenttenester, honorar, reiser m.m. er rekna til kr 1 770 000. Desse midlane må utbetalast frå post 01 Driftsutgifter. Behovet for løyving under kap. 320, post 78 blir redusert tilsvarande.

I samband med etablering av det nasjonale opplevingssenteret for pop og rock (Rockheim) er det under kap. 328 Museums- og andre kulturvernformål, post 78 Ymse faste tiltak løyvt 6 mill. kroner i 2008 til dette senteret. Kultur- og kyrkjedefarumentet skal betale lønn til prosjektleiaren for det nasjonale opplevingssenteret for pop og rock. Lønnsutgiftene er rekna til om lag kr 850 000 inkl. arbeidsgivaravgift og må utbetalast frå post 01 Driftsutgifter. Behovet for løyving under kap. 328, post 78 blir redusert tilsvarande.

Departementet foreslår at løyvinga i 2008 under kap. 320, post 01 Driftsutgifter blir auka med kr 2 620 000.

Post 78 Ymse faste tiltak

Jf. omtale under kap. 320, post 01 ovanfor.

Departementet foreslår at løyvinga i 2008 under kap. 320, post 78 Driftsutgifter blir redusert med kr 1 770 000.

Kap. 322 Biletkunst, kunsthandverk og offentleg rom

Post 01 Driftsutgifter

Jf. omtale under kap. 322 nedanfor.

Departementet foreslår at løyvinga i 2008 under kap. 322, post 01 Driftsutgifter blir redusert med kr 100 000.

Kap. 324 Scenekunstformål

Post 01 Driftsutgifter

Jf. omtale under kap. 324 nedanfor.

Departementet foreslår at løyvinga i 2008 under kap. 324, post 01 Driftsutgifter blir auka med kr 12 000 000.

Kap. 326 Språk-, litteratur- og bibliotekformål

Post 21 Særskilte driftsutgifter

Jf. omtale under kap. 326, post 02 nedanfor.

Departementet foreslår at løyvinga i 2008 under kap. 326, post 21 Særskilte driftsutgifter blir auka med kr 4 400 000.

Kap. 328 Museums- og andre kulturvernformål

Post 01 Driftsutgifter

Jf. omtale under kap. 328, post 78 nedanfor.

Departementet foreslår at løyvinga i 2008 under kap. 328, post 01 Driftsutgifter blir redusert med kr 250 000.

Post 78 Ymse faste tiltak

Arkeologisk museum i Stavanger (AmS) og Stiftinga Ullandhauggarden, som driv jernaldergarden på Ullandhaug i Stavanger, har inngått avtale om at AmS skal tilføre midlar til drifta og utføre enkelte oppgåver for stiftinga. Som følge av dette har Riksrevisjonen bedt om at stiftinga får tilført midlane frå ein tilskottspost. Det er behov for eit tilskott til Stiftinga Ullandhauggarden i 2008 på kr 250 000. Beløpet kan dekkjast ved tilsvarende reduksjon under kap. 328, post 01 Driftsutgifter.

Det er behov for å omdisponere kr 850 000 av tilskottet til det nasjonale opplevingssenteret for pop og rock som er løyvt under kap. 328, post 78, til kap. 320, post 01 Driftsutgifter, jf. omtale under kap. 320, post 01 ovanfor.

Departementet foreslår at løyvinga i 2008 under kap. 328, post 78 Ymse faste tiltak blir redusert med kr 600 000.

Kap. 340 Kyrkjeleg administrasjon

Post 01 Driftsutgifter

Jf. omtale under kap. 3340, post 01 nedanfor.

Departementet foreslår at løyvinga i 2008 under kap. 340, post 01 Driftsutgifter blir auka med kr 7 500 000.

Post 21 Særskilte driftsutgifter

Jf. omtale under kap. 3340, post 02 nedanfor.

Departementet foreslår at løyvinga i 2008 under kap. 340, post 21 Særskilte driftsutgifter blir auka med kr 18 000 000.

Kap. 341 Presteskapet

Post 01 Driftsutgifter

Jf. omtale under kap. 3341, post 01 nedanfor.

Departementet foreslår at løyvinga i 2008 under kap. 341, post 01 Driftsutgifter blir auka med kr 4 000 000.

Kap. 3322 Billetkunst, kunsthåndverk og offentleg rom

Post 01 Ymse inntekter

Posten gjeld inntekter knytt til ulike prosjekt i regi av Kunst i offentlege rom – KORO. Løyvinga blei i samband med revidert nasjonalbudsjett 2008 justert ned til kr 100 000, jf. St.prp. nr. 59 (2007-2008) og Innst. S. nr. 270 (2007-2008). Det viser seg no at KORO ikkje får inntekter i 2008, jf. også omtale under kap. 322, post 01 ovanfor.

Departementet foreslår at løyvinga i 2008 under kap. 3322, post 01 Ymse inntekter blir redusert med kr 100 000.

Kap. 3324 Scenekunstformål

Post 01 Inntekter ved Riksteatret

Riksteatrets inntekter i 2008 frå sal av billetter og program, sponsorinntekter m.m. blir vesentleg høgare enn budsjettert, i hovudsak som følge av stor publikumstilstrøyming til teatret sine framsyningar. Dei samla inntektene i 2008 er venta å bli om lag 28 mill. kroner. Dette er 12 mill. kroner høgare enn budsjettert. Meirinntektene skal dekkje tilsvarende meirutgifter, jf. omtale under kap. 324, post 01 ovanfor.

Departementet foreslår at løyvinga i 2008 under kap. 3324, post 01 Inntekter ved Riksteatret blir auka med kr 12 000 000.

Kap. 3326 Språk-, litteratur- og bibliotekformål

Post 02 Inntekter ved oppdrag

Oppdragsverksemda ved Nasjonalbiblioteket får eit langt større omfang enn budsjettert. Dei samla oppdragsinntektene i 2008 er venta å bli om lag 5,25 mill. kroner. Dette er 4,4 mill. kroner høgare enn budsjettert. Meirinntektene skal dekkje tilsvarende meirutgifter, jf. omtale under kap. 326, post 21 ovanfor.

Departementet foreslår at løyvinga i 2008 under kap. 3326, post 02 Inntekter ved oppdrag blir auka med kr 4 400 000.

Kap. 3340 Kyrkjeleg administrasjon*Post 01 Ymse inntekter*

Opplysningsvesenets fond skal dekkje utgifter knytt til innføring av demokratireforma i Den norske kyrkje. Inntektene til Kyrkjerådet blir m.a. som følgje av dette høgare enn venta. Dei samla inntektene i 2008 er venta å bli om lag 17,8 mill. kroner. Dette er 7,5 mill. kroner høgare enn budsjettert. Meirinntektene skal dekkje tilsvarende meirutgifter, jf. omtale under kap. 340, post 01 ovanfor.

Departementet foreslår at løyvinga i 2008 under kap. 3340, post 01 Ymse inntekter blir auka med kr 7 500 000.

Post 02 Inntekter ved oppdrag

Opplysningsvesenets fond skal dekkje utgifter i samband med nytt medlemsregister i Den norske kyrkja. Oppdragsinntektene blir m.a. som følgje av dette høgare enn venta. Dei samla inntektene i 2008 er venta å bli om lag 34,2 mill. kroner. Dette er 18 mill. kroner høgare enn budsjettert. Meirinntektene skal dekkje tilsvarende økte utgifter, jf. omtale under kap. 340, post 21 ovanfor.

Departementet foreslår at løyvinga i 2008 under kap. 3340, post 02 Inntekter ved oppdrag blir auka med kr 18 000 000.

Kap. 3341 Presteskapet*Post 01 Ymse inntekter*

Inntektene frå refusjonar og eigendelar ved ulike samlingar, etterutdanningskurs m.m. blir høgare enn venta. Dei samla inntektene i 2008 er venta å bli om lag 16,6 mill. kroner. Dette er 4 mill. kroner høgare enn budsjettert og gjeld i hovudsak refusjon av utgifter frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet i samband med gjennomføring av forsøk med redusert arbeidstid for prestar. Meirinntektene skal dekkje tilsvarende meirutgifter, jf. omtale under kap. 341, post 01 Driftsutgifter ovanfor.

Departementet foreslår at løyvinga i 2008 under kap. 3341, post 01 Ymse inntekter blir auka med kr 4 000 000.

Kultur- og kyrkjedepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2008 under Kultur- og kyrkjedepartementet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2008 under Kultur- og kyrkjedepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet for 2008 under Kultur- og kyrkjedepartementet

I

I statsbudsjettet for 2008 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
320		Allmenne kulturformål	
	01	Driftsutgifter blir auka med frå kr 44 833 000 til kr 47 453 000	2 620 000
	78	Ymse faste tiltak blir redusert med frå kr 42 305 000 til kr 40 535 000	1 770 000
322		Biletkunst, kunsthåndverk og offentleg rom	
	01	Driftsutgifter blir redusert med frå kr 11 216 000 til kr 11 116 000	100 000
324		Scenekunstformål	
	01	Driftsutgifter blir auka med frå kr 109 096 000 til kr 121 096 000	12 000 000
326		Språk-, litteratur- og bibliotekformål	
	21	Særskilte driftsutgifter blir auka med frå kr 850 000 til kr 5 250 000	4 400 000
328		Museums- og andre kulturvernformål	
	01	Driftsutgifter blir redusert med frå kr 34 623 000 til kr 34 373 000	250 000
	78	Ymse faste tiltak blir redusert med frå kr 47 483 000 til kr 46 883 000	600 000
340		Kyrkjeleg administrasjon	
	01	Driftsutgifter blir auka med frå kr 141 059 000 til kr 148 559 000	7 500 000
	21	Særskilte driftsutgifter blir auka med frå kr 16 240 000 til kr 34 240 000	18 000 000
341		Presteskapet	
	01	Driftsutgifter blir auka med frå kr 792 591 000 til kr 796 591 000	4 000 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3322		Biletkunst, kunsthåndverk og offentleg rom	
	01	Ymse inntekter blir redusert med frå kr 100 000 til kr 0	100 000
3324		Scenekunstformål	
	01	Inntekter ved Riksteatret blir auka med frå kr 16 000 000 til kr 28 000 000	12 000 000
3326		Språk-, litteratur- og bibliotekformål	
	02	Inntekter ved oppdrag blir auka med frå kr 850 000 til kr 5 250 000	4 400 000
3340		Den norske kyrkje	
	01	Driftsutgifter blir auka med frå kr 10 285 000 til kr 17 785 000	7 500 000
	02	Inntekter ved oppdrag blir auka med frå kr 16 240 000 til kr 34 240 000	18 000 000
3341		Presteskapet	
	01	Ymse inntekter blir auka med frå kr 12 578 000 til kr 16 578 000	4 000 000



Trykke-AS O. Fredr. Arnesen, November 2008